

Vedlegg til høyringsutkast 23. januar 2008

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012

Langtidsprogram for idrettsanlegg – 2008-2012.....	2
Regionale samarbeidspartnarar	9
Fylkeskommunale prioriteringar med omsyn til fordeling av statlege spelemidlar.....	11
Anlegg med investeringstilskot frå Hordaland fylkeskommune.....	12
Evaluering av førre plan.....	13
Regionale tilskot til idretts- og friluftslivstiltak	15
Relevante dokument, planar og undersøkingar som er tilgjengeleg på internett. Ref.	16
Framtidsbilete.....	18
SÆRUTSKRIFT	21
Høyringsinstansar.....	23

Langtidsprogram for idrettsanlegg – 2008-2012

Det skal utarbeidast langtidsprogram 2008- 2012 for idrettsanlegg i Hordaland. Ei konkretisering av programmet krev innspel frå kommunane, idretten i Hordaland og friluftorganisasjonane i høyringsperioden.

Tabellen viser eit oversyn over planlagde anlegg i kommunane fram mot 2013 (alle tal i heile tusen)

Kommune	Anlegg	Kostnad	Spelemidler				Merknad
			2009	2010	2011	2012	
Bergen	Fleirbrukshall i Fana	180 000					
	50-meters symjebasseng	250 000		10 000	5 000	5 000	
	friidrettshall i Åsane	100 000		3 000	3 000	3 000	
	Sandslihallen	10 000	1 250	1 250			
	Prosjekt						
	Kajakkanlegg	34000					
	Idrettshall	18.000					
	Idrettshall	32.000					
	Sykkelanlegg	9.700					
	Flerbrukshall	25.000					
	Garderobebygg	16.000					
	Sportsskytteranlegg	7.000					
	Idrettsanlegg	13.100					
	Fotballbane	6.000					
	Fotballbane	6.000					
	Motorsportanlegg	3.000					
	Idrettshall	30.000					
	Fysak	9.000					
	Fotballbane	6.000					
	Kunstgressban	8.000					
Svømmehall							
Vannskisport							
Askøy	Ravnanger Storhall	27 000					
	O-kart	342					
	Finamyren, Ask Klubbhus	2 100					
	Kollevåg Flomlys / tekn bygg trinn 4	485					
	Askøyhallen symjeanlegg	5 200					
	Follese idretts anlegg, Lys	225					
	Davanger idr. bane lysanl.	276					
	Erdal idr bane lysanl	155					
	Ord idr- og fril.anlegg						
	Krøllgress	3.900					
Garderobe	534						

	Askøy seilsportsenter	4.050					
	Garderobe	930					
	Idrettshall – Stor	27.000					
	O-kart	342					
	Klubbhus	2.100					
	Flomlys/teknisk bygg	485					
	Rehab idr- og fril.anl.						
	Svømmehall	5.200					
	Lysanlegg	225					
	Lysanlegg	276					
	Lysanlegg	155					
Fjell							
	Ordinære anlegg						
	Bildøyhallen	1.500					
	Idrett/klubbhus	2.100					
	Kunstgressbane	6.000					
	Liten idrettshall	10.000					
	Lysanlegg KI	700					
	Lysanlegg KII	700					
	Terapibasseng	13.200					
	Kunstgressbane	4.000					
	Stall	2.100					
	Liten kunstgressbane	1.000					
	Idrettshus/Klubbhus	2.100					
	Bowlinganlegg	2.100					
	Ridehall	2.100					
	Kunstgressbane	6.000					
	Friluftsliv						
	Nordsjøløypa	100.000					
	Storavatnet	50.000					
	To stiar	100.000					
	Hissøyna	300.000					
Øygarden							
	Fleirbrukshall	30.350	5.000				
	Øygarden symjehall	100					
	Krøllgras	3.250					
Osterøy							
	Osterøy stadion	3.500					
	Rehab skyteskiver						
	Skyttarhus	137					
Sund							

Os							
Austevoll							
	Anlegg						
	Fleirbrukshall	31.500					
	Kunstgrasbane	4.500					
	Kunstgrasbane	7.500					
	Tennisbanar	1.200					
	Kunstgrasbane	6.500					
	Rehab basseng						
	Rehabilitering /tilbygg						
	Øytun grendahus	300.000					
	Storebø grendahus	1.200.000					
	Storebø skule, lagerbygg	300.000					
Sveio							
	Idrettsanlegg						
	Golfbane						
	Rehabilitering av symjehall						
	Idrettshall						
	Sveio sentralidrettsanlegg						
	Førde skytebane,						
	Idrettsplass						
	Fjordkultursenter, curlingbane						
	Andre oppgåver						
	Forprosjekt idrettshall						
	Friluftsliv						
	Nordsjøløypa						
	Merking/rydding av turløyper						
	Lokale retningslinjer for merking						
	Sikra Mjelkeneset friluftsområde						
	Sikra friområde i tilknytning til bumiljø og friluftsomr. badeplassar						
Etne							
	Fleirbruksanlegg riding						
Tysnes							
	Hall Bowling	21.088					
	Klatrevegg . buldr	476					
	Lysanlegg	330					

Stord							
	Treningsfelt med gras (Ås)						Fotballbane
	Tennisbane - Rommetveit						34 x 37m, 2 stk
	Ridehall						Stord rideklubb
	Tennishall/boblehall						Ikkje stønadsretta
	Båthamn - Sagvåg						
	Båthus (vinteropplag)						Stord motorbåtlag
	Lysløype - Skipåsen						
	Turløyper - Stordafjellet						Stord/Fitjar turlag
	Tursti - Ådlandsvatnet						
	Symjehall - Vikahaugane						
	Symjehall - Sævarhagen						
	Idr.hall (16x24)						Sævarhagen
	Ridesti - Sævarhagen						
Kvinnherad							
	Strand – Ulv hallen						
	Gardshamarvegen						
	Kvadnabekken kunstgras						
	Midthølen skytebane						
	Ro-huset						
	Halsnøy skytebane						
	Heio idrettspark						
	Risnesløa golfhus						
	Fjellhaugen skisenter						
	Følgefonnbanen						
Bømlo							
	Fleirbrukshall Gilje	19 800					
	Fleirbrukshall Foldrøy	13 500					
	Rehab. Sentr. Idr.anl						
	Kaianl. Bømlo sportsdykkarlag	218					
	Fleirbrukshall. Langevåg idr,bygg	170 000					
	Fleirbrukshall Rubbestadneset	144 994					
	Krøllgrasbane	4 169					
	Hestesportsanlegg	1 820					
	Rehab turnhallen	2 805					
	Motorsportsanlegg	1 700					
	Motorsportsanlegg	1 700					
	Sosialt rom Langevåg	1 200					
	Aerobic/styrkerom Langevåg	1 700					
	Skytebane - Langevåg	1 700					
	Klatrevegg - Langevåg	1 692					
	Idretshall, Moster Grendapark						

Fitjar							
	Prioriterte anlegg						
	Idrettshall	22.420					
	Skytebane v	1.280					
	Innandørsbane	1.500					
	Hestalaget	361					
	Fitjar idr pl kunstgras	3.893					
	Rehabilitering						
	Symjehall	1.650					
	Grusbane	150					
	Friluftsanlegg						
	Toalettanlegg	40					
	Badeplass	150					
	Brygge , Toalett	100					
	Tursti	70					
	Rydding	40					
Vaksdal							
Voss							
	Idrett						
	Rehab. Friidr. dekke	3.500					
	Langrenn/skiskytingsanlegg med turløper	20.000					
	Sandvolleyballbane	50					
	4-setars stolheis	35.000					
	Startbryggar robane	250					
	Trialbane	500					
	Rehab tekn/SD-anlegg	400					
	Krøllgressbane m/garderobe	12.000					
	Nærmiljøanlegg	1.000					
	Rehab Bømoen flyplass	2.500					
	Lys alpinb/multianlegg	1.000					
	25 symjeanlegg/Badeland	35.000					
Samnanger							
Fusa							
	Fotballbanar						
	Fusa	3.300					
	Eikelandsosen	3-4.000					
	Holdhus	363					
	Selvåg						
	Anlegg						
	Idrettshall	16-20 000					
	Skyteanlegg	212					
	Langrennsløype	1.902					

	Skytebane						
	Skileikanlegg						
	Varmestove						
	Rulleskiløype						
	Tennis	1.397					
Kvam							
	Strandebarm idrettspark	6.640					
	Ålvik idrettsplass	500					
	Skiskyttarstadion Sjusete	600					
	Omlegging løyper sjusete	600					
	Ridebane Børve	2.100					
	Elektroniske skiver	1.424					
	Golfbane Børve	2.500					
	Krøllgras Øystese	4.800					
	Nytt garderobe anlegg	2.100					
	Rehabilitering friidr anl	1.500					
	Ny skytebane	5.000					
Jondal							
Granvin							
	Toalettanleg	144					
	Sandvollyballbane	80					
	Skiskyttararena	80					
	Motorsportbane	80					
	Kunstgrasbane	4.700					
	Sykkelbane	40					
	Kart med gamle stølsnamn	50					
	Orienteringskart	80					
	Garasje til trakkemaskin	800					
	Stirydding, skilting i friluftsområde	50					
	Løpande hjort	70					
	Elektronisk skive 100m	200					
Ulvik							
	Anlegg						
	Ski og tursenter						
	Rideanlegg						
	Badeplass						
	Turløyper						
	Rehabilitering						
	Grusbane fotball						
	Symjebasseng						
	Toppdekke løpebane						
	Gymsal						
	Gymsal						

Eidfjord							
	Eidfjord skiskyttarlag	1.130					
	Svein Hop Sandvollybane	207					
Ullensvang							
Odda							
Austrheim							
	Idrettsanlegg	10.700					
	Treningsbane/løpefelt	3.850					
Radøy							
	Volleyballhall	4.813					
Meland							
Lindås							
Masfjorden							
Modalen							
	Fotballbane med grusdekke	705					
	Løpebane 400m (grusdekke)	788					
	Anlegg friidrettsøvingar	364					
	Idrettshall	12.958					
	Garderobebygg	19.000					
Fedje							
	Idrettssal	9.000					
	Ballbing	350					
	Hinderløype	60					
	Symjehall	200					
	Friluftsanl. Mv.						
Sum							

Regionale samarbeidspartnarar

Bergen og Omland Friluftsråd. I 70 år har BOF vore eit regionalt organ som på vegne av medlemskommunane har fremja friluftsliv, sikra nye friluftsområde, tilrettelagt og drifta desse. I dag er det 14 medlemskommunar (Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger og Øygarden). BOF forvaltar 180 friluftseigedomar på i alt ca 24 000 dekar. BOF har 10 fast tilsette og mange lokale medhjelparar kring om i kommunane. Driftsavdelinga rår over effektivt utstyr for småskala tilrettelegging og drift av friluftsområde.

Friluftsrådet Vest (tidl. Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd) blei etablert i 1983 og er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Karmøy, Haugesund, Sveio, Tysvær, Etne, Fitjar, Stord, Bømlo, Bokn, Vindafjord, og Sauda. Friluftsrådet arbeider med sikring, tilrettelegging og drift av regionale friluftsområde, informasjons- og aktivitetsprosjekt og er eit rådgjevande organ i friluftslivssaker. Friluftsrådet forvaltar rundt 70 friluftsområde.

Bergen Turlag er vestlandets største friluftslivsorganisasjon er tilknytta DNT og har 21 100 medlem i lokallag i det meste av fylket. Bergen Turlag arbeider for å få hordalendingar på tur ved å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvenleg friluftsliv og for å ta vare på natur og kulturverdiar. Turlaget har 23 hytteanlegg med til saman 566 sengeplassar og om lag 1800 overnattingar. Bergen Turlag har ansvar for merking og tilrettelegging av om lag 1 300 km fotrutar. Bergen Turlag har ei omfattande aktivitet med rundt 800 årlege turar, kurs og arrangement med om lag 30 000 deltakarar på organiserte aktivitetar.

Utanom det primære arbeidet med å drive hytter, merke ruter og vere turarrangør, har turlaget eigne grupper for Barnas Turlag, DNT-ung, pensjonistar og fjellsport. I tillegg driv laget Hordlands einaste turinformasjon i sentrum av Bergen – Friluftslivets hus – og har omfattande informasjonsverksemd ved å gje ut turbøker, turkart, magasin og i tillegg til informative nettsider.

Voss Utferdslag er eit lokallag direkte under Den Norske Turistforening og dekkar alle som har adresse innanfor Voss kommune. Utferdslaget har 929 medlem og 6 hytter.

Vestkystparken er Vestlandets skjergardspark, oppretta i 1997. Dei einskilte friluftsråda er driftsapparatet i Vestkystparken. Arbeidet med vidareutvikling av Vestkystparken vert koordinert av eit utval med representantar frå fylkeskommunane, fylkesmennene og friluftsråda i Rogaland og Hordaland. Vestkystparken er basert på naturvennleg tilrettelegging. Målet med arbeidet er mest mogleg lik standard, miljøvenleg og rasjonell drift av friluftsområda i Hordaland og Rogaland. Dalane Friluftsråd, Ryfylke Friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Bergen og Omland Friluftsråd har driftsansvar for Vestkystparken. I tillegg deltar Jæren Friluftsråd i samarbeidet. Forutan fylkeskommunalt tilskot får VKP tilført midlar frå Statens naturoppsyn (SNO).

Hordaland idrettskrets (HIK) er paraplyorganisasjonen for all idrett innanfor fylket. 55 særiddrettar har aktivitet i fylket. Totalt utgjer dette om lag 160 000 medlemmer fordelt på 748 idrettslag. HIK har ansvar for problemstillingar og saker som går på tvers av særiddrettane. Idrettens hus er kompetansesenter for idrett. HFK administrasjonen, Olympiatoppen Vest-Norge, 12 særkretsar og Bergen idrettsråd er samlokalisert der.

Helse Vest RHF er eitt av fire regionale helseføretak i Noreg. Helse Vest har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse Vest skal sørge for at innbyggjarane i helseregionen får dei helsetenestene dei har krav på.

Det er to helseføretak i Hordaland:

- *Helse Bergen administrerer sjukehus og institusjonar i Bergen, Nordhordland, Midthordland og Indre Hardanger. Hordaland fylkeskommune har arbeider saman med Helse Bergen om tilrettelegging av fysisk aktivitet innan psykisk helsevern.*
- *Helse Fonna administrerer sjukehus og institusjonar i Sunnhordland og Nord-Rogaland. Hordaland fylkeskommune har arbeider saman med Helse Bergen om tilrettelegging av fysisk aktivitet innan psykisk helsevern.*

Fylkesmannen i Hordaland har ansvar for å gjennomføre Stortinget og Regjeringa sin politikk slik det kjem til uttrykk gjennom instruksar, lover, forskrifter og vedtak. Han skal fremja fylket sine interesser for sentrale styresmakter, og sjå til at statleg politikk på fylkesplan vert fagleg samordna og iverksett.

Fylkesmannen har ei rekke direkte forvaltningsoppgåver som mellom anna omfattar miljø, landbruk, lovlegkontroll av kommunebudsjetta/kommunale vedtak og låneopptak i kommunane. Fylkesmannen har også ei viktig rolle som rettstryggleiksinstans og handsamar klager på kommunale vedtak på fleire saksområde.

Statens vegvesen har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet og tilsyn med kjørety og trafikantar. Statens vegvesen skal utvikle og ta vare på eit trygt, miljøriktig og effektivt transportsystem i samspel med politikarar, brukarar og andre.

Regionråd. Hordaland fylke, med sine 33 kommunar, er delt opp i ulike regionar. Desse er styrt av ulike regionråd og rådet har som oppgåve å arbeide for å skape ei felles forståing og plattform for arbeidet i gjeldande region. Regionråda har eigne styre og råd. Desse består som regel av ordførarane og rådmennene i kommunane, men også andre kommunestyrerepresentantar kan vere medlemmer i styre og råd.

Per 2008 er det fire regionråd (med medlemskommunar) i Hordaland:

- **Regionrådet Nordhordland IKS** (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Osterøy + Gulen (SF))
- **Hardangerrådet** (Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik)
- **Regionrådet Bergen og Omland** (Austevoll, Askøy, Bergen, Fjell, Fusa, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Øygarden)
- **Samarbeidsrådet for Sunnhordland** (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes)

I tillegg kjem Osterfjordrådet med sekretariat hos Osterøy næringslag.

Fylkeskommunale prioriteringar med omsyn til fordeling av statlege spelemidlar

Hordaland fylkeskommune har, med heimel i Kgl.res av 3. april 1987, fått mynde av Kultur- og kyrkjedepartementet til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilt til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland. Følgjande kriterium vil vert lagt til grunn ved fordeling i planperioden:

- a. Søknader som har fått tildeling tidlegare skal få dekt restbeløpet (gjentekne søknader). Det resterande beløp vert nytta til andre godkjende søknader.
- b. Avsette midlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert nytta etter dei råmer departementet har gitt.
- c. Alle anlegg som får støtte frå spelemidlane, skal inngå i vedteke kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Dette gjeld ikkje tilskot til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg.
- d. Kommunar som har utfordringar med omsyn til stort etterslep frå spelemidlane til ordinære anlegg, folketal og anleggsdekning prioriterast.
- e. Tildeling til enkelte anlegg vil bli vurdert særskilt, jfr. anleggsdekning.
- f. Den kommunale prioriteringslista over søknader frå spelemidlane skal så langt som råd følgjast.
- g. Alle anlegg som får tilskot skal byggjast etter prinsippet om universell utforming og vere tilrettelagt for personar med funksjonshemming.
- h. Anlegg for friluftsliv skal prioriterast.
- i. Anlegg som er ferdige eller på det næraste ferdig, skal prioriterast.
- j. Anlegg som får tilskot over kr 7 mill. kan få tilskotet fordelt over tre år med ein tredjedel kvart år.
- k. Løyvingar lik eller under normalsatsen kr 700 000 skal ikkje delast.
- l. Søknader frå Bergen skal vurderast særskilt med omsyn til Bergen sin rolle som storby og vertskommune. Dei vert tilgodesett med opp til 40% av midlane til fordeling.
- m. Anlegg som ikkje får tildelt midlar eitt år, kan søkje på nytt og vil bli vurdert på lik line med andre søknader ved neste års fordeling.

Anlegg med investeringstilskot frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har sidan 1996 gitt investeringstilskot til idrettsanlegg. Desse anlegga er store og kostnadskrevjande med høg standard der det skal kunne avviklast norske meisterskap og større internasjonale idrettsarrangement. Følgjande anlegg har fått tilskot:

Kommune	Anleggsnamn	Anl. kategori	Tilskot
Bergen	Slåtthaug	Kunstisbane	2 300 000
Bergen	Haukelandshallen		1 000 000
Bergen	Fana stadion	Friidrett	3 000 000
Bergen	Vestlandshallen	Fotballhall	10 000 000
Bergen	Bergenshallen	Klatrevegg	1 700 000
Bergen	Eikås motorsportsenter	Motorsport	1 500 000
Bergen	Vestkanten Ishall	Curlingbane	5 000 000
Voss	Bavallen alpinanlegg	Hoppbakke	50 000
Voss	Bavallen alpinanlegg	Varmestove	1 000 000
Voss	Vangsvatnet	Roanlegg	900 000
Voss	Bavallen alpinanlegg	Snøproduksjonsanlegg	2 500 000
Stord	Vikahaugane sportsenter	Isbane	3 000 000
Stord	Vikahaugane sportsenter	Turnhall	2 000 000
Askøy	Hanøytangen	Seglsportsanlegg	2 500 000
Tysnes	Tysnes fleirbrukshall	Fleirbrukshall	1 000 000
Sveio	Haugaland Golfbane	18-hulls golfbane	2 000 000

Ordninga med fylkesidrettsanlegg vart etablert for å kunne byggje anlegg slik at Hordaland kunne ta i mot nasjonale meisterskap og større internasjonale konkurransar. Ordninga med investeringstilskot vert vidareført i planperioden, men sjølve klassifiseringa *fylkesidrettsanlegg* fell vekk. For budsjettåret 2008 er tilskotspotten på kr 3,1 mill og investeringstilskot vert gjeve etter søknad.

Hovudmål med førre plan :

Alle i Hordaland skal ha høve til og bli stimulerte til å driva med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøet sitt etter egne ynskje, behov og føresetnadar

Mål: Folkehelse

Hordaland skal vera eit leiande fylke når det gjeld å leggja til rette for fysisk aktivitet.

Fokus skal vera retta mot lågterskeltilbod som innbyd til fysisk aktivitet utan krav til den einskilde om fysisk tilstand, sosial tilhøyrse, utstyr eller økonomisk evne.

Mål: Samfunnsbygging, sosialisering og kompetanse

A) I arbeidet med å fremja fysisk aktivitet skal det leggjast vekt på den sosiale meirverdien.

Det skal leggjast til rette for utvikling og styrking av folk sitt engasjement

i nærmiljøet og fysisk aktivitet skal medverka til å skapa likeverdige vilkår for alle

grupper i samfunnet

B) Hordaland fylke skal vera leiande når det gjeld

kompetanseutvikling innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Mål: Areal, anlegg og område

Det skal leggjast til rette for ein arealbruk og ei anleggsutvikling som gjer at innbyggjarane

i Hordaland får eit variert og aktivitetsskapande tilbod. Dette gjeld heile

spekteret frå mosjonsaktivitetar til toppidrett. Areal og anlegg skal

vera tilgjengelege for

folk flest i nærmiljøet deira. Særleg merksemd skal rettast mot Bergen som storby.

Mål: Regional utvikling

Tilrettelegging for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vera ein sentral faktor i

utviklinga av gode lokalsamfunn i heile regionen – saman med arbeidsplassar, bustader og offentlege tenester.

Evaluering av førre plan

Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005

Føremålet med førre plan:

auke Hordaland fylkeskommune sitt engasjement innan feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv,

- samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd,
- vere grunnlag for planlegging og verksemd i kommunane,
- avklare roller og ressursbruk (verkemiddel),
- formulera mål og strategiar, samt
- vere ein reiskap for samarbeid, samordning og samhandling mellom aktørane


Førre plan var noko omfangsrik. Den var eit godt grunnlag for kommunane sitt arbeid med kommunale planar for fysisk aktivitet og friluftsliv. Den har vore grunnlag for tildeling av spelemidlar og fylkeskommunale midlar. I tillegg har Hordaland fylkeskommune vore ein arena for nettverksbygging mellom organisasjonar og aktørar som driv med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Fylkeskommunale tilskott til idrett og friluftsliv

Fylkeskommunen hadde foreslått 16 prioriterte tiltak for fylkeskommunale tilskot. Dei fleste av tiltaka er heilt eller delvis gjennomført.


Tildeling av spelemidlar i planperioden

Søknadsum frå kommunane om tildeling av spelemidlar har kvart år vore langt høgare enn det som er tildelt. Tilgangen på spelemidlar har dessutan flata ut dei siste åra.



Søknadsmasse – spelemidler (i mill) 2002 – 2006

I førre planperiode vart det eit politisk vedtak om at 5 % av midlane for Hordaland skulle gå til anlegg for friluftsliv I oversikta nedanfor inngår tilskota til friluftslivet i summen for dei ordinære anlegga. Etter 2004 er det heller ikkje skilt mellom midlar til nye anlegg og rehabilitering.



Regionale tilskot til idretts- og friluftslivstiltak

Hordaland fylkeskommune administrerer ulike tilskotsordningar som alle er med på å utvikle ein aktiv kvardag for folk flest. Dei ulike ordningane vert kort skildra her og det er mogleg å hente meir informasjon om tilskotsordningane (og andre) på internett – www.hordaland.no

- **Statlege spelemidlar**

Årleg fordeler Hordaland fylkeskommune tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Tilskota har som mål å vere med på å bygge og rehabiliterer idretts- og friluftslivsanlegg i Hordaland slik at flest mogleg kan drive med eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av frivillige idretts- og friluftslivsorganisasjonar.

Dei statlege spelemidlane, som er idretten og friluftslivets del av overskotet i Norsk Tipping AS, vert fordelt kvart år av Kongen etter innstilling frå Kulturdepartementet. Tilskotsordninga er søknadsbasert og det skal søkjast gjennom den kommunen der anlegget er geografisk plassert. For å kunne søkje, er det sett som vilkår at anlegget er innarbeidd i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Det vert fordelt midlar til *ordinære anlegg*, *ordinære nærmiljøanlegg* og til *mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg*. Til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg er det ei kontinuerleg sakshandsaming i kommunane og i fylkeskommunen. Dei to andre tilskotsordningane har søknadsfrist ein gong per år (fastsett av kommunen sjølv).

Økonomi: For 2007 vart det fordelt kr 53 mill til ordinære anlegg og 8 mill til ordinære nærmiljøanlegg. Ramma for tilskot til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg var for 2007 på kr 1,5 mill.

- **Nærmiljømidlar**

Hordaland fylkeskommune deler kvart år ut økonomisk tilskot til nærmiljøprosjekt. Dersom du arbeider med, eller ønskjer å setje i gang arbeid for å gjere ditt nærmiljø trivelegare å bu og leve i, kan du søkje om støtte frå ulike ordningar. Tiltak for barn og unge, eldre og funksjonshemma blir prioriterte.

Dei tre ulike ordningane som det er mogleg å søkje om tilskot frå i samband med nærmiljøprosjekt, er 1) *Lokale friluftslivstiltak*, 2) Tilskot til *Lokal Agenda 21*-tiltak. I tillegg vert søknad om tilskot til *mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg* (sjå over) sakshandsama i lag med dei to andre tilskotsordningane.

Økonomi: I 2007 var det sett av kr 309 000,- til lokale friluftslivstiltak og kr 450 000,- til prosjekt knytt til Lokal Agenda 21.

- **Folkehelsemidlar**

Frå 2007 mottok Hordaland fylkeskommune og partnerskapskommunane statlege midlar til stimulering av folkehelsearbeidet. Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune: Sigrun Henriksen (Strategi og næring)

Relevante dokument, planar og undersøkingar som er tilgjengeleg på internett. Referansar.

Statleg nivå

- ✓ *Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2007*
Bestemmingar og føringar for tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv.
Det kongelige kultur- og kirkedepartement (KKD)
http://www.regjeringen.no/Upload/KKD/Idrett/V-0732_www.pdf
- ✓ *St.meld. nr. 14 (1999-2000): Idrettslivet i endring*
Om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet
Det kongelige kultur- og kirkedepartement (KKD)
<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/19992000/014/PDFA/STM199920000014000DDPDFA.pdf>
- ✓ *Sammen for fysisk aktivitet*
Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009
Sosial- og helsedirektoratet (gjeve ut av åtte ulike departement)
http://www.shdir.no/publikasjoner/handlingsplaner/handlingsplan_for_fysisk_aktivitet_2005_2009_28303
- ✓ *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*
Rettleiar i planlegginga av ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet
Det kongelige kultur- og kirkedepartement (KKD)
<http://www.regjeringen.no/Upload/KKD/Idrett/V-0798.pdf>
- ✓ *Finansieringen av statlig idrettspolitik*
Kartlegging, vurdering og forslag til tiltak for betre måloppnåing
Det kongelige kultur- og kirkedepartement (KKD)
<http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/rap/2003/0006/ddd/pdfv/170078-sundbergrapporten.pdf>
- ✓ www.cefu.dk
- ✓ *St. meld. nr. 17 (2005-2006): 2008 som markeringsår for kulturelt mangfold*
Tilråding i samband med 2008 som mangfaldsår
Det kongelige kultur- og kirkedepartementet (KKD)
<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20052006/017/PDFS/STM200520060017000DDPDFS.pdf>
- ✓ *Undersøkelse om fysisk aktivitet blant personer over 55 år*
Undersøking på vegne av Høgskolen i Telemark og NIF
Statistisk sentralbyrå
http://www.ssb.no/emner/07/02/50/notat_200149/notat_200149.pdf

Regionalt nivå

- ✓ *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008*
Visjon, mål og strategiar for den regionalpolitiske utvikling i Hordland
Hordaland fylkeskommune
<http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=2849>
- ✓ *Deltaking for alle – universell utforming*
Fylkesdelplan 2006-2009
Hordaland fylkeskommune
<http://www.hordaland.no/upload/Regional%20utvikling/Fylkesplanlegging/universell/FDP%20Universell-web.pdf>
- ✓ *Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde*
Kommunevis oversikt, med verdsetting, over regionalt viktige friluftsområde
Hordaland fylkeskommune
<http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=3616>
- ✓ *Idrett og fysisk aktivitet – Tilstandsrapport Hordaland 2007*
Statistikk og oversikter knytt til idrett og friluftsliv
Hordaland fylkeskommune
<http://www.hordaland.no/upload/Idrett%20og%20fysisk%20aktivitet.pdf>
- ✓ *Råd om planlegging av golfanlegg i Hordaland*
Golfrettleiar – steg for steg
Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland idrettskrets
<http://www.hordaland.no/upload/Regional%20utvikling/kommunesamarbeid/pdf-filer/Golfveileder1.pdf>
- ✓ *Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2005-2009*
Regional plan og prioriteringsliste for idrett, friluftsliv og kulturanlegg
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/files/PLAN_FOR_IDRETT_FRILUFTSLIV_OG_KULTURANLEGG.pdf
- ✓ Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000: *Frivillig innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Bergen: Fagbokforlaget, 2000

Framtidsbilete

Framtidsbilete – Friluftsliv (1)

av Morten Dåsnes, dagleg leiar, Friluftsrådene landsforbund

Vi må attende til 2008 då den nye fylkesdelplanen for idrett og friluftsliv blei vedtatt, for å finne vendepunktet for friluftslivsarbeidet i Hordaland. På det tidspunktet hadde klimautfordringane kome tungt på dagsorden og helseutfordringane knytt til fysisk inaktivitet la beslag på enorme summer til reparasjonsarbeid i helsevesenet. Rikspolitikarane syntes handlingslamma overfor disse utfordringane, mens det var visjonære og dristige fylkespolitikarar som tok fleire viktige strategiske grep. Vi kan i ettertid sjå kor avgjerande det var i høve til regionreformen og dei oppgåver vi stod overfor, makt og mynde som blei tillagt regionane

Fylkesdelplanen la grunnlaget for ei tverrsektoriell og massiv satsing på friluftsliv med fire hovudtema for strategisk satsing:

- *Friluftsliv og folkehelse*
- *Friluftsliv og berekraftig utvikling*
- *Friluftsliv og reiseliv*
- *Friluftsliv og skole*

Ei tverrsektoriell arbeidsgruppe der også friluftslivsorganisasjonane og friluftsråda hadde ein sentral plass, fikk i oppdrag å tenke nytt og dristig for å gje innhald til visjonane. Frå den spanande lista med tiltak prioriterte fylkespolitikarane eit sett av hovudsatsingar, - og sørgja for finansiering. Det gav resultat !

Programmet for etablering av rundturløyper i alle tettstader og bydelar, utviklinga av samla turprogram i samarbeid med friluftslivsorganisasjonane og andre lågterskel friluftstilbod har gjeve målbar betring av folkehelsa. Det var ein genistrek då fylket vedtok at innsparte midlar til blodtrykksnedsetjande medisinar i forhold til 2008, skulle settes på fond til friluftstiltak. Heile programmet for rundturløyper er finansiert av disse midlane i kombinasjon med spelemidlar. Framleis slit ein med å finansiere tilbakekjøp av attraktive strandeigedom som blei nedbygd gjennom ein uforståeleg dispensasjonspraksis ved inngangen til dette århundre.

Frå heile Europa kjem skulefolk for å studere kvifor barn på Vestlandet har så høg skåre på kunnskapstestar, har best helse og er mest nøgd med livet. Dei vert møtt av barnehagar og skuler med flotte uteområde som gjev inspirasjon til aktivitet og stimulerer kreativiteten. Skulene har satsa på stadsbasert læring der naturen og nærmiljøet tas i bruk i læringsarbeidet i kombinasjon med avansert bruk av digitale kart, GPS og dataprogram for arbeiding av resultat.

Då klimautfordringane kravde endringar i folks ferie- og reise-mønster, sto Hordaland godt rusta til å møte utfordringane. Gang- og sykkelveg-nettet var godt utbygd, - dels som ledd i programmet for rundturløyper til alle tettstader. Kortreist ferie blei in, - og gjennom godt tilrettelagte friluftslivsområde, - ikkje minst i regi av dei interkommunale friluftsråda, oppdaga Hordalendingen naturkvalitetar i verdensklasse i eigen region. Dei støy- og motorfrie sonene i delar av skjærgården har blitt eit drømmerike for padling og roing. Igjen var Hordaland først ute med spanande nyskaping, men vi ser nå at andre landsdelar kjem etter. I

vinter vil spesialavgangar på den nye høghastighetsbana til Oslo bringe Bergensaren til skioldoradoet på Hardangervidda på under ein time.

Framtidsbilete – Friluftsliv (2)

av Den Norske Turistforening – Ung

Unge deltaking i friluftslivet har vore dalande dei siste 20-30 åra, særleg dei siste 10-15 åra. Unnataket er dei aktivitetane ein ofte vert rekna som nye friluftslivsaktivitetar. Disse har hatt ei auke i tal utøvarar. Dei som driv disse aktivitetane er også meir aktive enn gjennomsnittet i tradisjonelle friluftslivsaktivitetar. Men totalt sett er utøvinga av friluftsliv dalande mellom ungdom. Utan ein større innsats for å rekruttere barn og ungdom til å drive med friluftsliv, vil vi innan 2020 ha ein mindre del foreldre og barn som har vekse opp med friluftsliv.

Tilrettelegging for å drive friluftsliv, og ei satsing på friluftsliv vil være viktig for å framleis ha rekruttering. Tradisjonelle og nye friluftslivsformar bør gå hand i hand for å rekruttere. Det å sikre nærområde og leggje til rette for ulike aktivitetar i nærområde, som både kan gjennomførast aleine og med vener er viktig. Familie, vener, barnehage, skule og organisasjonar er dei som kan formidle friluftslivet vidare. Dei opplevingane og vanane ein får med seg frå barne- og ungdomstida sit i for all tid.

Samstundes er DNT-ung redd for eit for stort uttalt fokus på helse, i staden for glede. I undersøkingar som skal fortelje kvifor nordmenn driv med friluftsliv, kjem ikkje helse med mellom dei tre viktigaste grunnane. Det er det ein grunn for. Å gå ein tur i nærområde eller helgetur i fjellet, å klatre ein søndag med vener eller ta familien med på sykkelstur, handlar både om det å vere i rørsle og moglegheit til å kome seg bort, kople av, dele opplevingar med vener og familie, eller bare vere for seg sjølv. Å vere i rørsle og ha ein aktiv livsstil skal være gøy. Å få alle til å vite at det å vere i rørsle ikkje er det same som å sveitte og slite, er viktig å fortelje. Her har både samfunnet og familien ein sær oppgåve. Men husk - kva foreldre gjer i fritida er den viktigaste føresetnaden for ein aktiv generasjon i 2020. Tilrettelegging, kommunikasjon og informasjon er difor viktig mellom alle partar.

Framtidsbilete – Idrett

av Per Tøien, seniorrådgjevar, Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité

I 2020...

- *Sliter dei medlemsbaserte idrettslaga med å skaffe tillitsvalde, men det er ikkje mangel på frivillige*
- *Er det langt fleire som betalar "støttemedlemskap" til idrettslaget*
- *Har idretten funne mange arenaer der man kan kople kompetansen til dei idrettsfaglege utdanna, mellom idrettslaga og skule eller andre offentlege tilbod*
- *Har det offentlige på kommunalt- eller fylkeskommunalt nivå funne ut at det er føremålsteneleg å tilby gratis tenester til idrettslaga når det gjeld rekneskapsføring, slik at kasserarfunksjonane vert enklare å rekruttere til*
- *Har det offentlege på alle nivå skiftet fokus for sine støtteordningar bort frå øymerka støtte til frie midlar – dog med tydelege offentlege mål innanfor felt idretten kjem inn på*
- *Finnes det ikkje lenger bygging av skoler der det ikkje er eit samarbeid med idretten både om anlegg og utvida skulegard*
- *Finst det stor grad av samlokalisering skole/idrettslag når det gjeld kontor, slik at barn får sjå vaksne i meiningsfylt aktivitet med idrett på sin skule*
- *Er det eit plankrav med areal øymerka fysisk aktivitet og idrettsanlegg i alle kommunar*
- *Kan ein sykle og gå bilfritt gjennomgåande i alle større byar*
- *Er det dobbelt kilometergodtgjersle for dei som sykklar i høve til dei som bruker bil, for alle tilsette i offentlig verksemd*
- *Røynsle frå tillitsmannsarbeid i idrettslagene har fått gjennomslag som kompetansegejvande erfaring ved søknad om studie og jobb*
- *Finst det nærmiljøanlegg i alle bumiljø i tettstader i Noreg*
- *Er det tilbod finansiert av det offentlege på dagtid til alle med trygd over heile landet*
- *Har åtte andre fylker kome etter Hordaland med å innføre obligatorisk éin time kroppsøving kvar dag i vidaregåande skulen. Hordaland var pionerar og prioriterte og finansierte dette allereie i 2011*
- *Dei små idrettane blir mindre og de store blir større*
- *Idrettslaga legg til rette for eigenorganisert aktivitet som ein del av sitt ordinære tilbod, fordi det viser seg at deltakarane med det blir i idrettslaget*
- *Meir action-idrettar, meir idrettar som koplast til elektronikk og teknikk, meir lagspel*
- *Færre som satsar på verkeleg å bli god, men langt fleire som driv livsstilsidrett*
- *Idrettsbevegelsen nærar seg ei todeling – diverre – slik at det blir prestasjonsidrett og førebuing til prestasjon på den eine sida, og fysisk aktivitet for sjølve aktivitetens skyld på den andre*
- *Idrettslaga legg mye betre til rette for fellesskap i idrett også for vaksne*
- *Den første idrettspresident med innvandrarbakgrunn har nettopp runda eitt år i stolen. Han seier at grunnen til at han framleis er aktiv i idrett er at faren hans fikk informasjon om idrett, idrettslag, medlemskap, dugnader og idrettslige tilbod på sitt eige språk.*

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200603248
Arkivnr. 712
Sakshandsamar Spjeld, Britt Karen

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	04.02.08	12/08
Fylkesutvalet	13.02.08	26/08

**FYLKESDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV
2008-2012 - HØYRINGSUTKAST**

Kultur- og ressursutvalet 04.02.08

Det var 12 medlemmer tilstades.

Kjersti Toppe sette fram slik forslag:

”Side 24, Symjehallar

Tillegg:

Behov for symjeanlegg må spesielt vurderast ut frå kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær livredningskunnskap/symjeopplæring.

Side 28, Råd til kommunane

Nytt punkt:

Utarbeiding av kommunale vedlikehaldsmeldingar for idrettsanlegg for å sikre kunnskap om årleg vedlikehaldsbehov og eventuelt vedlikehaldsetterslep.”

Røysting:

Toppe sitt framlegg fall mot 7 røyster (H og FRP med utvalsleiar si dobbeltstemme)

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 blir sendt ut på høyring med sikte på slutthandsaming i fylkestinget juni 2008.

Fylkesutvalet **13.02.08**

Kjersti Toppe sette fram slik forslag:

”Side 24, Symjehallar

Tillegg:

Behov for symjeanlegg må spesielt vurderast ut frå kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær livredningskunnskap/symjeopplæring.

Side 28, Råd til kommunane

Nytt punkt:

Utarbeiding av kommunale vedlikehaldsmeldingar for idrettsanlegg for å sikre kunnskap om årleg vedlikehaldsbehov og eventuelt vedlikehaldsetterslep.”

Røysting

Det var 14 medlemer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Toppe sitt forslag følgjer saka vidare.

VEDTAK

Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 blir sendt ut på høyring med sikte på slutthandsaming i fylkestinget juni 2008.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 22. februar 2008

Høyringsinstansar

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, Kaigaten 9, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, utdanningsavdelinga, Kaigaten 9, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, helseavdelinga, Kaigaten 9, 5020 Bergen

Kommunane i Hordaland

Hordaland idrettskrets, Idrettens Hus, postboks 6143 postterm., 5892 Bergen
Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 Bergen
Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
Friluftsrådet Vest, postboks 63, 5575 Aksdal
Haugesund Turistforening, postboks 432, 5501 Haugesund
Voss utferdslag, postboks 55, 5701 Voss
Naturvernforbundet, postboks 1201 sentrum, 5811 Bergen
Natur og Ungdom, postboks 691 sentrum, 5807 Bergen
Hordaland 4H, postboks 7315, 5020 Bergen
FFO, Vestre Strømkai 7, 5008 Bergen
Nasjonalforeningen for folkehelsen, postboks 667 sentrum, 5807 Bergen
Norges handikapforbund, Kokstadveien 46a, 5257 Kokstad

Statens vegvesen, region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger,
Hardangerrådet, postboks 78, 5780 Kinsarvik
Regionrådet Bergen og omland, postboks 7900, 5020 Bergen
Regionrådet Nordhordland IKS, postboks 13, 5902 Isdalstø
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, postboks 444, 5403 Stord
KS Hordaland, postboks 7900, 5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune, fylkeseldrerådet, postboks 7900, 5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune, fylkesrådet for funksjonshemma, postboks 7900, 5020 Bergen
Elevorganisasjonane (v/opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune)

Ungdommens fylkesting, Hordaland barne- og ungdomsråd v/Marthinussen, postboks 408,
Sentrum, 5805 Bergen

Høgskolen i Bergen, avd. for helse- og sosialfag, postboks 7030, 5020 Bergen
Høgskolen i Bergen, avd. for lærarutdanning, postboks 7030, 5020 Bergen
Høgskulen Stord/Haugesund, postboks 5000, 5409 Stord

Universitetet i Bergen, medisinsk odontologisk fakultet, postboks 7800, 5020 Bergen
Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret, Christiesgate 13, 5015 Bergen
Universitetet i Bergen, Arboretet og Botanisk hage, Mildeveien 240, 5259 Hjellestad
Rokkansenteret, Nygårdsgaten 5, 5015 Bergen

Bergensavisen, postboks 824 sentrum, 5807 Bergen
Bergens Tidende, postboks 7240, 5020 Bergen
Bygdanytt, postboks 134 indre Arna, 5888 Bergen
Fanaposten, postboks 374, 5853 Bergen
Hardanger folkeblad, postboks 374, 5751 Odda

Haugesunds Avis, postboks 2024, 5504 Haugesund
Hordaland, Evangervegen 32, 5700 Voss
Hordaland folkeblad, boks 94, 5601 Norheimsund
Os og Fusaposten, postboks 273, 5203 Os
Strilen, postboks 3, 5902 Isdalstø
Sunnhordland, Borggata 15 Leirvik, 5417 Stord
VestNytt, postboks 144, 5341 Straume

Helse Vest, postboks 303 Forus, 4066 Stavanger
Helse Bergen, Haukeland Universitetsjukehus, psykiatrisk divisjon, postboks 1, 5021 Bergen
Helse Fonna, psykiatrisk klinikk, postboks 2170, 5504 Haugesund
Stiftelsen Bergensklinikkene, Hjellestadklinikken, Flyen 30, 5259 Hjellestad

Hjelpemiddelsentralen i Hordaland, postboks 121 Kokstad, 5863 Bergen
Amalie Skrams Hus, Nygårdsgaten 89, 5008 Bergen
Mental Helse Bergen, postboks 651, 5807 Bergen
NFU Hordaland, postboks 13, 5838 Bergen

Rogaland fylkeskommune, Regionalutviklingsavdelingen, postboks 130, 4001 Stavanger
Sogn og fjordane fylkeskommune, kultur, Askedalen 2, 6863 Leikanger
Møre og Romsdal fylke, kultur, Julsundvegen 9, 6404 Molde

Innovasjon Norge Hordaland, postboks 7322, 5020 Bergen
NAV Hordaland, postboks 279 sentrum, 5804 Bergen
Statsbygg Vest, postboks 1024, 5808 Bergen
Bergen Næringsråd, Olav Kyrres gate 11, 5014 Bergen
NHO Hordaland, postboks 709 sentrum, 5807 Bergen
LO Hordaland, Håkonsgate 3 Folkets Hus, 5015 Bergen